



"...ser ut som ein avfallsplass", skriv Torfinn Myklebust

**Store deler av Børnes Industriområde ser ut som ein avfallsplass, påpeikar kommunepolitkar Torfinn Myklebust i eit innlegg til lokalpressa. Her er innlegget:**

"To av kommunens beste verksemdar, Eidsvik Skipsbyggeri og Brødrene Hjørnevåg, ligg på Børnes i Uskedalen. Det er kommunen stolt over.

På Børnes Industriområde er det i tillegg nokre mindre bedrifter, men dei har langt frå stor drift. Det er plass til fleire – med større aktivitet.

Ole Torbjørn Holmedal frå Utåker står no klar til å etablere seg på Børnes, Han har kjøpt eit område på vel to mål og eit industribygg der. I dag held Holmedal til på Bogsnes på Husnes, men har valt å flytta produksjonen til Uskedalen. Det er å vona at han snart kjem i gang på Børnes og får til nokre arbeidsplassar.

Når det gjeld Børnes Industriområde, så ser store deler av det ut som ein avfallsplass. Det hadde vore å vona at det vart meir orden og eit meir tiltrekkande område. No er det langt frå godt nok. Kven kjenner ansvar?!

Det vert sagt at industrien i Kvinnherad går så det susar, kanskje det... Likevel må kommunen arbeida endå hardare for å utnytta og fylla opp slike industriområde som Børnes og dei andre vi har å tilby i Kvinnherad. Rådmannen, ordføraren og dei andre politikarane må framover ikkje ha mange kvileskjær for å hjelpe nyetablerarar. Kommunen må vera på offensiven"-